

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF

**DATO:** 10.06.16  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Jan Håvard Frøyland

**SAKA GJELD:** **Administrerende direktør si orientering  
Plan for budsjettprosessen 2017**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 038/16

**STYREMØTE:** 17.06.16

### Administrerende direktør si orientering pkt.5

---

#### Føringar i budsjettarbeidet

Dei fire kjerneoppgåvene til spesialisthelsetenesta er: Pasientbehandling, utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørande (jf. § 3-8 i spesialisthelsetenestelova).

Følgjande dokument gir sentrale føringar for utvikling av spesialhelsetenesta og utarbeiding av budsjettet for 2017:

- Statsbudsjettet gir sentrale overordna føringar
- Nasjonal helse- og sjukehusplan
- Intensjonane i samhandlingsreforma vil fortsatt gi viktige føringar for omstilling, oppgåve- og funksjonsfordeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta
- Helse 2020 (2030) - Helse Vest sitt overordna strategidokument
- Plandokumentet for Helse Vest og helseføretaka i årleg melding
- Styringsdokumenta til helseføretaka

Måla i Helse 2020 og i Helse Fonna sitt strategidokument er:

- Trygge og nære helsetenester
- Heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk
- Ein framtidsretta kompetanseorganisasjon

Desse satsingsområda, saman med overordna lokale og regionale føringar, skal ivaretakast i budsjettarbeidet. I tillegg skal lokale planverk i Helse Fonna leggast til grunn for budsjettarbeidet.

### **Budsjettmetode og prosess**

For å kunne tilby gode helsetenester innanfor gitte rammer må ein ha kontinuerlig fokus på å utvikle føretaket vidare. Dei siste åra har ein hatt fokus på bemanningsplanar og kor mange som skal være på jobb til ein kvar tid. For årets budsjettprosess vil ein i større grad enn tidligare år, legge bemanningsplanane opp etter variasjonar i aktivitet mellom veke dagar og gjennom året. Sidan personalkostnadane utgjer omlag 70 prosent av driftskostnadane i føretaket vil budsjettarbeidet fortsatt ha sterkt fokus mot dette området. Føretaket må optimalisere bruken av ressursane for å ta dei aukande kostnadane med kostnadskrevjande legemiddel, satsing innan IKT og oppretthalde investeringsevna. Samstundes må også budsjettarbeidet avstemme prognoserte endringar i aktivitet og andre behov som vert synleggjort innan den budsjetttramma som føreligg.

Budsjettprosessen for 2017 startar opp i juni og føretaket legg opp budsjettarbeidet etter budsjettkalender vist nedst i saka. Det er lagt til grunn at leiarar, tillitsvalde og verneombod skal vera med i prosessen. Der er fokus på forankring i organisasjonen for å skape eigarskap til budsjettet. I budsjettprosessen vil ein vurdere dei største risikoelementa som ligger i budsjettet pr. klinikk med innspel frå seksjonane. Gjennom desse vurderingane vil ein underveis i prosessen kunne ta ned mykje av den potensielle risikoen og få ein god oversikt over den resterande risikoen i det endelege budsjettet.

Klinikkdirektøren er ansvarleg for å planlegge, forankre, koordinere og drive budsjettprosessen i sin klinikk. For at ein skal kunne nå vedtekne målsetjingar på føretaksnivå er det viktig at dei ansvarlege på det lågaste nivået i organisasjonen har eigarskap til budsjettet og dei endringane det fører til. Budsjettprosessen for 2017 må sjåast i samanheng med budsjettprosessen for langtidsbudsjett 2017 – 2021, og det rapporteringsregimet som er etablert i Helse Fonna i alle ledd. Langtidsbudsjettet og lærdom frå rapporteringsregimet er lagt til grunn for rammefordelingane mellom klinikkar. Føretaket har lagt opp til ein prosess med fleire budsjettversjonar som beskrive nedanfor i figur 1 med møtepunkt på direktørnivå.

Handsaminga av budsjettet i styret i Helse Fonna HF vil avhenge av når administrasjonen motteke endeleg budsjetttramme frå Helse Vest, men administrerande direktør tek sikte på å leggje fram budsjettet for styret på styremøte i november 2016.



Figuren nedanfor syner tidslinja for budsjettprosessen og milepelane som gjeld.

